Flott kveld med internasjonal mat, quiz og danseglede. 01.12.2016

Det var fullt i Raualøo dåldeiarane ønskte velkommen.

Ingen ting er vel kjekkare enn å bera inn ekstra stolar på grunn av godt frammøte når ein arrangerer noko! Det opplevde Møteplassen for inkludering då dei inviterte til internasjonal fest i Raualøo i Rosendal onsdag. Alle fekk sitjeplass, alle kosa seg og stemningen var slik den berre kan bli når folk frå mange nasjonar møtest.

Ibrahim, Ataullah og Mowlid frå Stølen og Beinavikjo klar til fest saman med Vigdis, son hennar og mange fleire.

Møteplass for inkludering er ei gruppe under Kvinnherad Røde Kors. Då drivkreftene Elisabesth Berg Hass og Vigdis Gammelsæther ønskte velkommen, var vel 60 gjester på plass. Desse er busett på strekningen frå Sunde til Løfallstrand og i tillegg til Norge hadde dei bakgrunn frå om lag 10 ulike land.
Festen starta med eit riktig festmåltid Her hadde mange dyktige kokkar vore i aksjon og sytt for at buffèet inneheldt rettar frå Somalia, Eritrea, Spania, Kongo og Tsjetsjenia. Dette gav gjestene som i tillegg i alle fall kom frå Syria, Afghanistan, Tyskland, Nederland og Norge, ei fantastisk smaksoppleving. Herleg var det!

Etter matøkta var det tid for quiz. Flinke ungdommar hadde laga og leia qiuzrunden med spørsmål som var godt tilpassa breidda i deltakarane på dei ulike laga. Her var spørsmål om fargar i flagg og regnbogen, hovudstader, matrettar, og litt lokale spørsmål for å nemna noko. Laga vart sett saman slik at ein måtte byta plassar og bli kjent med nye folk.

Dans høyrer med på ein skikkeleg fest. Det gjorde det også her, til dei grader!! Då forflytta ein del av gjestene seg til salen på Rosendal Motell, og her vart det først norske dansar som Per Sjuspring og halling før alle kunne vera med på både somaliske og eritreiske dansar. Stemninga, spontaniteten, fellesskapet og dei breie smila dansegleda gav, understreka den gleda vi opplevde gjennom heile festen. Slikt opplever vi berre når mykje godtfolk frå mange land møtest. Det internasjonale fellesskapsarbeidet I Kvinnherad har teke eit godt steg vidare denne hausten. Det har kome til syne gjennom det gode frammøte på internasjonale arrangement. Fleire og fleire opplever kor kjekt det er!

Møteplass inkludering: Kvinnherad Røde Kors er blant dei som gjer eit godt og viktig arbeid i så måte med sine jamnlege treff, og dei har etter kvart fått gode støttespelarar. Onsdag kunne leiarane takka for lån av Raualøo og Rosendal Motell i tillegg til mange flinke kokkar. Med slikt godt samarbeid vert det fest med stor F!!!

Ataullah klar ved eit av dei tre matborda.

Festen fekk ei feiande avslutning med norsk og afrikansk dans.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland